

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/6398-9

Ny selskapsavtale for Vigo IKS

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gj slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget godkjenner ny selskapsavtale for Vigo IKS, slik den ligg føre i vedlegg 1.

Vedlegg:

1. Ny selskapsavtale for Vigo IKS, justert utgåve
2. Brev og e-post, datert 24.10.2018, frå Vigo IKS om endring i framlegget til selskapsavtale
3. Saksprotokollar frå FT-sak 35/18, FU-sak 81/18, HO-sak 23/18 Ny selskapsavtale for Vigo IKS
4. Saksutgreiing til FT-sak 35/18 Ny selskapsavtale for Vigo IKS

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen fremja i august 2018 sak om ny selskapsavtale for Vigo IKS for hovudutval for opplæring (HO-sak 23/18) og fylkesutvalet (FU-sak 81/18). Saka skulle slutthandsamast i fylkestinget i oktober 2018 (FT-sak 35/18). Saksutgreiinga til FT-sak 35/18 følgjer som vedlegg 4.

Fylkeskommunen fekk i september 2018 melding frå Vigo IKS om at dei hadde oppdaga ein formell feil i utsendt selskapsavtale for Vigo IKS og at justert utgåve av selskapsavtalen ville bli sendt til fylkeskommunane så snart den låg føre. Då fylkestinget hadde møte 19.10.2018 hadde fylkeskommunen ikkje motteke framlegg til justert selskapsavtale frå Vigo IKS. Fylkestinget utsette difor saka. Møteprotokollane frå HO-sak 23/18, FU-sak 81/18 og FT-sak 35/18 følgjer som vedlegg 3.

Fylkeskommunen fekk 24.10.2018 brev og e-post frå Vigo IKS om endringa i framlegget til selskapsavtale, jf. vedlegg 2.

Fylkesrådmannen legg no fram justert framlegg til ny selskapsavtale frå Vigo IKS til handsaming i fylkestinget, jf. vedlegg 1.

2. Fylkesrådmannen si vurdering og konklusjon

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til endringane i Vigo IKS sitt justerte framlegg til ny selskapsavtale. Fylkesrådmannen meiner fylkesutvalet, pga. den endringa som gjort, bør kome med ei justert tilråding til fylkestinget.